



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Charlotte Hageberg	Arkivkode: FE-151
Arkivsaksnr: 18/556	Løpenr: 18/6617
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	30.08.2018	035/2018
Kommunestyret	13.09.2018	037/2018

Premiss budsjett 2019 Kontrollutvalet og Kyrkja

13.09.2018 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

KS- 037/2018 Vedtak:

Kyrkja får 2.650.000,- i driftsbudsjett for Samnanger kyrkjestyre og kontrollutvalet får 750.000,- i driftsbudsjett for 2019.

30.08.2018 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Det vart innleiingsvis under handsaminga sendt ut kopi av eit dokument frå kontrollutvalet og eit dokument frå Samnanger kyrkjestyre. Desse to dokumenta ligg som vedlegg til møteprotokollen. Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 035/2018 Vedtak:

Kyrkja får 2.650.000,- i driftsbudsjett for Samnanger kyrkjestyre og kontrollutvalet får 750 000,- i driftsbudsjett for 2019.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Rådmannen tilrår at kyrkja får 2.650.000,- i driftsbudsjett for Samnanger kyrkjestyre og kontrollutvalet vert foreslege å få 750 000,- i driftsbudsjett for 2019»

Dokument som er vedlagt:

Budsjettinnspel kontrollutvalet 2019

Om budsjett 2019 for Samnanger kyrkjestyre

Dokument som ikkje er vedlagt:

Budsjett 2018

Kva saka gjeld:

«Forslag budsjett 2019 kontrollutvalet og forslag budsjett 2019 kyrkja.

KS vedtok i møte 26 april fyljande: Det skal løyvast ein øyremarka fast årleg sum til kyrkja til vedlikehald, eventuelt med årleg indeksjustering. Storleiken på summen må avklarast i formannskapet sitt mai-møte. Det må òg sjåast på om kyrkja sjølv bør ta opp lån for å få gjennomført investeringar som ikkje kan finansierast gjennom det ordinære budsjettet. Kommunen må i så fall garantera for slikt lån.

Kontrollutvalet skal gjennomføra minst ein forvaltningskontroll pr. år. Det skal løyvast ein fast årleg sum til kontroll og tilsyn, eventuelt med årleg indeksjustering. Storleiken på summen må avklarast i formannskapet sitt mai-møte, mellom anna på grunnlag av innspel frå kontrollutvalet.

»

Vurderingar og konsekvensar:

«Samnanger kommune vil i 2019 jobbe for å få ned kostnadane i alle sektorar då me ser at me får reduserte inntekter på mange områder. Me vil likevel foreslå at me opprettheld tilsvarende budsjett på kontrollutvalet og kyrkja som i 2018 og berre indeksregulerer budsjettet. Konsekvensane vil då både for kontrollutvalet og kyrkja vere at dei vil ha tilfredstillande vilkår for utførelsen av oppgåvene sine.»